

**MERKNADSSKJEMA - FORSLAGSSTILLARS KOMMENTAR TIL MERKNADER OG UTTALELSER -
PLANOPPSTART**

Plannamn	Detaljregulering for Opsalmarka næringsområde
Arealplan-ID	1241_20180005
Saksnummer	
Utarbeida av	ABO Plan og Arkitektur AS
Datert/Revidert	24.08.2018
Kunngjering- oppstart	29.05.2018
Frist for merknader	25.06.2018

Avsendar	Hovudpunkt i merknad / uttale	Forslagsstillars kommentar
Statens vegvesen Postboks 43 6863 Leikanger Datert 13.06.2018	<ol style="list-style-type: none"> 1. Fylkesveg 552 har i rammeplan for avkøyrslar og byggegrenser på riks- og fylkesvegvar i region vest haldningsklasse 2 med byggegrense på 50 meter. Fv 552 er definert som ein overordna fylkesveg. 2. Det ver lagt opp til at næringsarealet skal ha tilkomst via den kommunale vegen Opsalmarka. Vegen er og tilkomst til bustadfelt, samt Trollskogen barnehage. Reguleringsplanen vil medføre auka trafikk på vegen. Vegvesenet ber om at trafikktryggleiken vert vurdert som del av ROS- analysen- 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Teken til følgje. Planforslaget legg til grunn at byggegrenser er lagt 50 meter frå senter av fylkesvegen. Tilkost til området og del av næringsområdas uteareal ligg minimum 30 meter frå senter av fylkesvegen. 2. Trafikktryggleik og forventa trafikkmengd er vurdert som del av planomtalen og som del av ros- analysa.
Fylkesmannen i Hordaland Postboks 7310 5020 Bergen Datert: 12.06.2018	<ol style="list-style-type: none"> 1. Fylkesmannen har ingen særskilte merknader til planen i denne fasen av planprosessen. Fylkesmannen rår tiltakshavar og Fusa kommune til å sjå næringsarealet i samanheng med dei andre næringsareala i nærområdet. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Teken til orientering. Planframlegget legg til ei framtidig kopling mot areal avsett i kommuneplanens arealdel som sentrumsformål.
Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) Naustdalsvegen 1b 6800 Førde Datert: 18.06.2018	<ol style="list-style-type: none"> 1. NVE viser til at ein i planlegginga skal ta omsyn og forebygge skadar frå flaum, erosjon, og skred. Viser til TEK17 og informerar at det også skal takast omsyn til klimaendringar. 2. Viser til vassressurslova og at tiltak og saker som kan føre til skade eller ulempe for allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn kan NVE avgjere at reguleringsplan kan erstatte konsesjon, dersom vassdragsinteressene er godt nok ivareteke i planen. 3. Planen må ta omsyn til anlegg som har konsesjon etter energi- og vassdragslovgevinga. 4. NVE legg til grunn at kommunen vurderer om planen tek i vare nasjonale og vesentlege interesser. I plandokumenta må det gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Teken til orientering. Forhold til flaum, erosjon og skred er vurdert som del av ros- analysa. Ekstremver som følgje av klimaendringar er også vurdert som del av ros- analysa. 2. Teken til orientering. Planforslaget medfører ikkje inngrep i Steinbruelva. Minsteavstand frå byggeområde til Steinbruelva er 20 meter. 3. Teken til orientering. Det er ikkje anlegg som har konsesjon etter energi- og vassdragslovgevinga innanfor planområdet. 4. Teken til orientering.

<p>Direktoratet for Mineralforvaltning (DMF) Postboks 3021 Lade 7441 Trondheim</p> <p>Datert 20.06.2018</p>	<p>1. DMF kan ikkje sjå at det føreslegne planområdet kjem i konflikt med registrerte mineralressursar eller masseuttak. Om det er aktuelt å ta ut ei større mengd masse bør dette vurderast opp mot meldeplikt eller konsesjonsplikt for masseuttak.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Samla uttak på meir enn 10 000 m³ masse, og eit kvart uttak av naturstein krev konsesjon - Det er meldeplikt for uttak der samla uttak er større enn 500m³ 	<p>1. Teken til orientering. Planforslaget legg til rette for etablering av næringsområde. Uttak av massar vil vere med formål å plassere næringsbygg med tilhøyrande uteareal og infrastruktur.</p>
<p>Hordaland fylkeskommune v/Regionalavdelinga Postboks 7900 5020 Bergen</p> <p>Datert: 21.06.2018</p>	<p>1. Oppstartsmeldinga gjev ikkje informasjon av kva type verksemdar, aktivitetar, bygg og infrastruktur m.m. det skal planleggjast for. Generelt er fylkeskommunen positiv til at næringslivet vert styrkja og utvikla i distrikta. Når det gjeld handel vil fylkeskommunen peike på at detaljhandel skal vere i senter, jf. Regional plan for attraktive senter i Hordaland.</p> <p>2. Fylkeskommune vil elles vektleggje at planlegginga vert gjort i samsvar med overordna planar, både kommunale og regionale planar. Vil særleg peike på at regional klimaplan med klimamål og regional plan for attraktive senter må vere førande for planarbeidet.</p> <p>3. Planområdet ligg relativt tett på bustadområde: Det må leggast vekt på at kvalitetane av desse bustadområda ikkje vert redusert.</p> <p>4. Desse tema må vektleggjast og omtalast i planarbeidet:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Landskapsverknader - Arkitektur og estetikk - Risiko- og sårbarheit - Folkehelse - Klima og energi - Omsyn til landbruksinteresser - Verknader på vegtransport, vare- og kollektivtransport. <p>5. Hordaland fylkeskommune har ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne i planområde. Fylkeskonservatoren har derfor ingen vidare merknader på noverande stadium i planprosessen.</p>	<p>1. Planforslaget legg til rette for etablering av industriverksemdar, kontor og administrasjonsbygg for verksemdene og lager.</p> <p>2. Planforslaget er i samsvar med kommuneplanens arealdel og byggeområder er sett av til næringsbygningar. Planforslaget opnar ikkje opp for forretningsformål og er ikkje vurdert å vere i konflikt med regional plan for attraktive senter i Hordaland.</p> <p>3. Det er mellom byggeområder, Fv552 og bustadfeltet Eikhovda regulert vegetasjonsskjerm.</p> <p>4. Teken til orientering. Tema er omtala i planskildringa.</p> <p>5. Teken til orientering.</p>